

Barnas kulturmonstring - 16. og 17. mars

Stad: Sjøholt skule

Tid: 16. og 17. mars frå kl. 12 - 16

Det er igjen tid for Barnas kulturmonstring - forkorta til BKM. Det er sjuande året vi arrangerer denne forma for kulturmonstring. BKM er ein parallell til ungdommens kulturmonstring. Skilnaden er at denne monstringa er open for alle barn i Ørskog kommune opp til og med 7. klasse, altså til og med barnesteget i grunnskulen. Nedover i alder er det ingen grense. Då er det vel berre naturleg at det i all hovudsak er utstillingar og aktivitetar med barn frå skulane og barnehagane som finn vegen til denne monstringa.

Monstringa er lagt til Sjøholt skule. Dei klassane og gruppene frå Sjøholt skule som vil vise fram sine utstillingar, formingsarbeid og andre elevarbeid vil gjere dette i klasseromma sine. Slik er mange av klasseromma på Sjøholt skule opna for publikum. I tillegg til å sjå utstillingsarbeid er dette også ein god måte å gjere seg kjent med tilhøva på Sjøholt skule. Born frå barnehagane vil ha sine utstillingar lokalisert i ledige klasserom og fellesareal. Vi er spente på kva som møter oss når utstillingane opnar! I spesialromma i andre etasje vil det ved sidan av å vere kafé, også vere utstillingar med elevarbeid av elevar frå kulturskulen. Alle utstillingane og kafeen vil vere opne begge dagar frå kl. 12 - 16.

Det er ikkje berre utstilling vi vil få oppleve på årets BKM. Musikkrommet på skulen vil fungere som scene. Vi vil få sjå og høyre mange innslag, mellom anna frå elevar i kulturskulen og frå grupper i skulekorpset. SFO-koret skal ha framføring på søndag. Som tidlegare år vil vi også i år dele framføringane opp i puljer med start kvar heile time frå kl. 13. På den måten vil publikum få høve til å sjå og høyre det dei er mest interesserte i, og vi får høve til å gjere førebuingar i forkant av kvar framsyning. Skulekorpset vil avslutte monstringa med ein liten konsert kl. 15 på søndag.

Barnas kulturmonstring har heilt frå starten i 2007 vore eit samarbeid med Ørskog skulekorps. Skulekorpset er ein viktig medspelar for kulturskulen. BKM er eit inntektsgjevande arrangement for skulekorpset. Det er dei som driv kafeen med sal av kaffe og litt å bite i. Sjelvsagt vil vi også få sjå og høyre medlemmar i skulekorpset denne helga. Også dette året blir det høve for unge elevar å prøve ulike instrument. Vi legg også i år fokus på messinginstrument, då med tanke på rekruttering til skulekorpset.

Vi ønskjer alle velkomne til monstringa, til å kikke innom utstillingar, oppleve ulike innslag, kjøpe seg ein kopp kaffe og slå av ein prat med kjentfolk!

Gaute Aamlid

Ørskog kulturskule - rektor.